

GOL OG HEMSEDAL

# Kyrkjeblad

Nr. 3

November 2024

75. årgang



Soknepresten vår har fått ny stilling ..... 3  
Advents- og julekonserter ..... 5  
Stemma «frå oven» ..... 6

50 års konfirmantar ..... 7  
Livets gang ..... 10  
Gudstenestelista ..... 11

## HEMSEDAL KYRKJEKONTOR

Hemsedal kommunehus  
**Eksp. tid mån– tor 9.00–15.00**  
Tlf: 47 90 38 33  
post.hemsedal@kyrkja.no  
www.hemsedal.kyrkja.no

**Kyrkjevevjerje:**  
**Irene Markegård**  
Mobil: 48 20 20 20 • im328@kyrkja.no

**Sokneprest (prost frå januar):**  
**Camilla Osnes** – Fri måndagar  
Mobil: 977 15 677 • co689@kyrkja.no

**Organist:**  
**Hans Jakob Wastvedt**  
Mobil: 929 41 633 • hw954@kyrkja.no

**Sekretær (dåp og vigsel):**  
**Thorunn Haugo**  
Tlf: 32 02 91 39 • Fri fredagar  
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no

**Trusopplærar:**  
**Britt Marie Haraldset**  
Mobil: 951 22 136  
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

**Ungdomsarbeidar:**  
**Birgit Solbakken**  
Mobil: 992 57 112 • bm454@kyrkja.no

**Kyrkjetenar:**  
**Wilfried Westera**  
Mobil: 971 09 922 • ww364@kyrkja.no

**Gravplassen Hemsedal:**  
**Hans Vidar Sørensen**  
Mobil: 911 76 827 • sorensen.hv@gmail.com

**Leiar sokneråd og fellesråd:**  
**Håvard Venås** Mobil: 908 42 422

## GOL OG HERAD KYRKJEKONTOR

Gol kommunehus 3. etg  
**Eksp. tid mån– fre 9.00–15.00**  
Tlf: 32 02 90 00  
kyrkja@gol.kommune.no  
www.gol.kyrkja.no

**Kyrkjevevjerje:**  
**Kjellfred Dekko**  
Tlf: 32 02 91 35 • Mobil: 926 41 198  
kjellfred.dekko@gol.kommune.no

**Sokneprest:**  
**Arnstein Bleiktvedt**  
Mobil: 958 28 706 – Fri måndagar  
arnstein.bleiktvedt@gol.kommune.no

**Diakon:**  
**Martha Frøyland Bleiktvedt**  
Mobil: 476 27 663  
martha.froyland@gol.kommune.no

**Diakonimedarbeider:**  
**Sissel Rudningen** Mobil: 419 35 246  
sissel.rudningen@gol.kommune.no

**Organist:**  
**Justin Vickery**  
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00  
Mobil: 474 75 580  
justin.vickery@gol.kommune.no

**Kyrkjetenarar:**  
**Ludvig Munkejord** Mobil: 911 22 763  
**Knut Ole Klepp** Mobil: 906 58 761

**Sekretær**  
**Thorunn Haugo**  
Tlf: 32 02 91 39 • Fri fredagar  
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no

**Trusopplærar**  
**Britt Marie Haraldset**  
Mobil: 951 22 136  
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

**Leiar sokneråd og fellesråd:**  
**Kjetil Th. Storebråten** Mobil: 908 21 745

## GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

**Antall nr.:** 3 nummer i året  
**Redaksjon:** Irene Markegård, Ludvig Munkejord (red.), Sølvi Larsen Aalrust, Kjell Slåtten, Gunnar Rudningen

**Ekspedisjon:** Kyrkjekontoret, 3550 Gol

**Kasserar:** Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal.

**Utgjevar:** Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad

**E-post:** ludv@online.no

**Bankgiro:** Sparebank 1 Hallingdal  
2367.60.00097

**Vipps:** 591790

**Forsidefoto:** Gunnar Rudningen



Tur i kyrkjetårnet under Lys&Liv-festivalen i Hemsedal.

## Glimt frå trusoppløringa



Hobbygruppa på Lys&Liv-festivalen tova sine egne sitteunderlag.



Mange på babysang på Gol dette semesteret og.



Åpning av skattekiste på Førsteklasses gudsteneste i Hemsedal.

ALLE FOTO: BRITT MARIE HARALDSET

# Takk

Da har tiden som sokneprest i Hemsedal kommet til veis ende. Jeg sitter med et stort takknemlig hjerte når jeg ser tilbake på tiden min i Hemsedal og på Gol.

Denne høsten har vært en limbotid for meg, der jeg har kjent på en utrolig takknemlighet over å få lov ha min første prestatjeneste i Hemsedal og på Gol.

Nå går veien videre som prost, samtidig kan jeg få lov å fortsette å kalle meg Hemsedøl. Selv om jeg nå går videre i en annen jobb, vil jeg få møte dere i preste- og prostetjenesten videre. Likeledes vil jeg møte dere i porten i barnehagen, på kirketrappa, på butikken, på konserter, på biblioteket, på lekeplassen osv.

Hemsedal vil alltid stå i mitt hjerte. Her har jeg fått lov å vokse som menneske og som prest. Jeg

har prøvd og feilet. Det har vært tøffe tider for meg personlig og som prest, men jeg har også lært at nåden bærer midt opp i alt som er og at kirka er mitt åndelig hjem. Jeg kom til bygda med mine forutinntatte holdninger om bygdefolk, men med et ønske og hjerte å få være bygdeprest. Og det har jeg fått lov til å være. Byjenta som har fått hatt kaffen sin på Arti og Elmas, gå fjellturer, bli forelsket, gifte meg, få barn, stå på snowboard og telemark, lære seg å gå med skøyteski av en litt over gjennomsnittlig skientusiastisk sørlending, fått nye vennskap og et hjem. Jeg har fått møte dere hemsedølene i glede og sorg, oppturer og nedturer, skuffelser og latter. Dere har vært så gode mot meg, og det er jeg så takknemlig for. Jeg har fått lov til å formidle



tro og tvil, en Gud som bærer oss gjennom livet både i hverdag og fest, en kirke med lav dørterskel og som formidler håpet vi har i Jesus som satt sjakk matt til døden og viste oss at kjærligheten er sterkere enn døden.

– SOKNEPREST CAMILLA OSNES

## Soknepresten vår har fått ny stilling

SOM PROST FOR HALLINGDAL

TAKK!

Hemsedal Kyrkjelyd og Hemsedal som bygdesamfunn har hatt den gleden av å hatt Camilla som sokneprest i 9 år. Ho skal nå slutte som sokneprest og kyrkjelyden kan berre rette ein stor takk for alt ho har bidratt med.

Camilla kom til oss hausten 2015 og fekk fort ein god dialog og tillit til Hemsedal sine innbyggjarar. Camilla har vore ein fantastisk sokneprest for oss i bygda. Ho har vist at ein liten kyrkjelyd kan skapa noko stort. Ho har vore til trøyst, har skapt glede, ho har engasjert seg i bygda. Ho har vore nyskapande og veldig engasjert i kyrkjebygga våre. Ho har formidla Guds ord på ein måte der alle forstår. Ho har gjeve av seg sjølv mykje meir enn ein kan forventa i eit slikt arbeid.

Camilla har hatt ide til og skapt sansekroken i kyrkja, er ein av

primus motorane for «Møtepunkt». Ho har hatt ide til og arrangert «drop inn-bryllaup» på ein fjelltopp, samt mykje anna. Ho har skapt engasjement i konfirmantararbeidet der tilbakemelding frå konfirmantar med foreldre er fantastiske. Camilla har møtt innbyggjarar i sorg og krevjande livssituasjonar med respekt og audmjukheit.

Tilbakemelding frå «bygdefolk» og «hyttehemsedølen» har vore mange og lyder omtrent slik:

**For ein fantastisk prest de har i Hemsedal og så heldige de er!**

Hemsedal sokneråd kan berre takke for lånet av Camilla si tid som sokneprest, og ynskje ho alt godt som prost i Hallingdal, me får og bruk for prosten hjå oss.

Samtidig ser me at Camilla og hennar familie bygger hus i Hemsedal og fortsett vil bu her som «bygdefolk» i Hemsedal,

slik at me får fortsett ha denne fantastiske familien hjå oss. Gleda og latteren din vil fortsette blant oss i bygda!

Avslutnings gudsteneste for Camilla vert sundag den 12.01. og soknerådet oppfordrar så mange som råd til å koma då.

**Tusen takk for din innsats Camilla.**

Håvard Venås,  
leiar Hemsedal sokneråd.

**bruse**

VI LEVERER

**altibox**

## Sundagsskolen i Hemsedal

Velkommen til Søndagsskolen i  
Hemsedal høsten 2024

Søndagsskolen er for barn fra 4 år og tom 7. klasse og er fra kl 10 - 11. På søndagsskolen opplever barna at de er verdifulle og skapt i Guds bilde. De blir kjent med Jesus og lærer ulike Bibelfortellinger.

Barn fra 4 år tom 4. klasse har sine opplegg på Kyrkjestugu.

Temasøndagsskolen er for 5-7. klasse, og møter på ulike steder som blir kunngjort på Facebook.

### Datoer for høsten:

**24/11** NB alle møter ved Ulsåk Bedehus, utelek og Kakekrigen, mer info kommer

**15/12** Adventsamling for hele familien på Kyrkjestugu kl 10 - 11.30

**05/01** Temagrupper skal ha skøyting på Døkketjedadn

Følg med på Facebook siden «Søndagsskolen i Hemsedal» for mer informasjon. Medlemskontingent 50 kr pr år.

Velkommen!



## Velkommen til S-klubben!

S-klubben er ein kristen barneklubb for deg som er mellom 5 og 12 år. Vi har samling på Kyrkjestugu kl 17.20 - 19.00 desse onsdagane i haust:

**4/12:** Juleavslutning.

**Første S-klubb etter nyttår er 15. januar 2025**

**Går du i 5., 6. eller 7. klasse?  
Då kan du bli med på  
S-klubben UTE.**

Utegruppa held til i gapahuken, i skogen på vegen mot Torsetsida. (Sollaustvegen). Ta på varme klede og hovudlykt, og bli med på aktivitetar i skogen, leiking og bålkos. Alle møter ved gapahuken kl. 17.30 og vert henta der kl. 19.00.

NB! Om du går i 5., 6 eller 7. klasse og heller har lyst til å vere med inne på Kyrkjestugu, kan du gjerne det!

*Har du spørsmål, ta kontakt med  
Signe-Lise Jordheim, tlf 908 64 516*

## Ope hus Hemsedal

Ope hus innbyr til hyggeleg samvær og fellesskap rundt matborda, der me serverer nysteikte vaflar og kaffi/te. Det er òg kvar gong allsong, diktlesing, solosang, ein uhøg-tideleg kviss/bordkonkurranse og besøk av ein gjest.

**Ope Hus er fyrste tysdag i månaden kl 11.00-13.00 på Kyrkjestugu.**

**3/12** Stemningsfull adventskonsert

**04/02** Vi får besøk av 6. kl frå HBU som bidreg med song og underholdning

**04/03** Svein-Tony Gårdsø fortel om misjonærene som reiste ut frå Hemsedal og Hallingdal

**08/04** Vi inviterer den nye presten i Hemsedal for å bli kjent

**06/05** Den kjende dikteren Haldis Reigstad fortel og les av egne songar og dikt.

**03/06** Våravslutning på Tuv kafe med triveleg kaffeprat og underholdning

**Velkommen!**  
Ope Hus komiteen



Du er velkommen til desse arrangementa:

**Sundagsmøte** på Bedehuset 24. november kl 19. Svein Tony Gaardsø talar over temaet: «Du kan meg lede, ja, vise meg vei. Om kall og bønn.»

**Juletreff** for små og store på Kyrkjestugu 29. desember kl 17.

**Sundagsmøte** på Kyrkjestugu 19. januar kl 19. Sebjørg Marie Jordheim talar over temaet: «Trusforsvar».

**Sundagsmøte** på Kyrkjestugu 23. februar kl 19. Camilla Osnes talar over temaet «Nådegåver i praksis».

**Kaffi med lite attåt.**

## En takk fra Hemsedal sokneråd

Soknerådet i Hemsedal ønsker å takke alle som bidrar til kirkas arbeid, med kollekt, gaver og via givertjenesten gjennom året. Takket være dere kan vi fortsette med ulike aktiviteter for små og store.

Ønsker du å bli fast giver og bli med på å opprettholde aktivitetene og ungdomsarbeideren vi har?

Klikk deg inn på [www.hemsedal.kyrkja.no/bli-gjevar](http://www.hemsedal.kyrkja.no/bli-gjevar). Her kan du lese om hvordan du kan bli fast giver eller gir enkeltgave. Det er mulig å få skattefradrag.

Ta kontakt med kirkekontoret om du har spørsmål.



## Babysang og småbarnstreff

Bli med på treffpunkt for foreldre og barn! Vi serverer og spiser enkel lunsj sammen. Kom å gå som det passer. Programmet starter kl. 11, lunsj etterpå. Vekommen!

**Onsdager kl. 10.30 til 12.30 på Familiens hus i Hemsedal:**

15/1, 29/1, 12/2, 5/3, 19/3, 2/4, 23/4, 7/5, 21/5

Småbarnstreff med tema de andre onsdagene. Fri i skolens ferier.

Endringer kan forekomme, se kommunenes hjemmeside/Facebook for oppdatert informasjon.

Arrangeres av:



# Advents- & julekonserter

**25. NOVEMBER KL 19.00  
HEMSEDAL KYRKJE**



## Julekonsert med Leif Ingvald Skaug

Velkommen til en stemningsfull kveld som garantert gir deg en god start på adventstida, med alt du forventer og håper på når det kommer til julestemning. Her får du kjente og kjære julesanger og noen nye favoritter. Leif Ingvald Skaug kommer til Hemsedal for andre året på rad og i år har han med noen lokale sangere på noen av sangene.

Billetter på [www.ticketco.no](http://www.ticketco.no) eller i døra (vipps, kort, kontant).  
Voksne: 300 kr. Barn: 150 kr.

**6. DESEMBER KL 19.00  
LYKKJA KAPELL**

## Adventskonsert med Hanna S Smørvik

Velkommen til en tradisjonsrik adventskonsert i Lykkja kapell med Hanna S Smørvik.

Etter konserten er du velkommen til å bli igjen litt, da soknerådet serverer gløgg og pepperkaker. Gratis inngang.

Velkommen til ett pusterom i adventstida.

**7. DESEMBER KL 17.00  
GOL BEDEHUS**

## Adventskonsert med Gol Demenskor med Nokon attåt

Kormedlemmene består av mennesker med og uten demenssykdom, deres pårørende og frivillige.

Vi skal synge kjente julesanger, og vi lover at det skal bli god stemning!  
Gratis inngang.

Det er mulig å gi gave til koret på vipps 517300 (Gol og Herad sokn)

**8. DESEMBER KL 18.00  
GOL KYRKJE**

## Adventskonsert

Velkommen til den tradisjonsrike adventskonserten i Gol kyrkje.  
Gratis inngang.

**15. DESEMBER KL 18.00  
HEMSEDAL KYRKJE**

## Adventskonsert

Tradisjonen tro blir det adventskonsert i Hemsedal kyrkje den 15. desember. Lokale sangere og musikere bidrar på konserten. Gratis inngang.

**20. DESEMBER KL 19.00  
GOL BEDEHUS**



## Julestemning med Spirit in the dark

Dette er musikarane som spelar på platene du har i hylla. Julealbumet «Superbells» er alt ein kultklassiker og osar av kjærleik, sjel og funky rytmer. Trioen serverer sundagsmusikk heile helga inkludert fredag, og spelar gjerne gospellåtar på jazzklubb. Den ultimate julestemningen blir spreidd på Gol bedehus denne kvelden!

Billetter på [www.ticketco.no](http://www.ticketco.no) eller i døra (vipps, kontant).  
Voksne: 300 kr. Ungdom/student: 150 kr.

# KULH

## NYTTÅRS FEIRING!

Velkommen til en KULH nyttårsfeiring. Dette blir et arrangement hvor alle ungdommer mellom 13 og 20 er velkomne. Vi serverer god mat, morsom underholding og den beste stemning.

Hvordan melder man seg,på?

- + Skriv til Syver Hustad (+47 940 75 379), 150 kr. per person – skriv fullt navn i påmeldingen.

Sted og tid: 31 desember på kyrkjestugo, åpent fra 20:00.

Følg med på instagrammen til KULH: [kuhl\\_hemsedal](https://www.instagram.com/kuhl_hemsedal) for mere info og oppdateringer.

**!Påmeldingsfrist: 10. desember!**

Mer informasjon om arrangementet får du ved å ta kontakt med kirkas ungdomsarbeider Birgit Solbakken på mail [bs454@kyrkja.no](mailto:bs454@kyrkja.no) eller telefon 992 57 112

# Stemma «frå oven»

TEKST: KJELL SLÅTTEN

Nye i kyrkjelyden snur seg i benkane og tittar opp: Kven er det som syng så vakkert frå galleriet? Faste kyrkjegjengarar snur seg ikkje. Dei treng ikkje det, dei kjenner stemma.

For dette er ikkje ei eingongshending. I meir enn ein mannsalder; ja, faktisk nærare to enn éin, har Gunnar Slaatto (73) vore «stemma frå oven», som forsongar og solist i kyrkjene i Gol og Herad. Og sjølv om han i fleire tiår har vore busett på Leira i Valdres, og oftast må pendle derifrå, har han ingen tankar om å gje seg. Ikkje så lenge Justin Vickery trakterer orgla i Goll!

– Han er ein eminent kantor og komponist. Som oftast er det han som spør om eg vil vere med i ei gudsteneste. Det gjev meg mykje og er veldig moro, rett og slett. Så det er hans fortенeste, det, at eg held på enno. Og så lenge det ikkje blir pipekonsert av det, så...

## Arveleg belasta

At Gunnar syng, og også trakterer ulike instrument, er ikkje tilfeldig. Han kjem frå ein musikalsk familie. Faren var ivrig korsongar, og storesyster Bjørg Aslaug var organist i meir enn 50 år. Også farbror Olav kan nemnast, med si malmfulle røyst. Kanskje ikkje alltid like treffsikker på tone og takt, men han høyrdest! Ingen trong vere i tvil om at Olav var i kyrkja!

– Far lærde meg mange songar. «Stakkars små i hedningland, kjenner ei sin frelsermann» var den fyrste. I barneåra var eg mykje med og opptredde på juletreffestar rundt omkring, og på ønskekonsertar, som var populære på den tida, fortel han.

Bjørg lærde han snart å spele piano. Han fekk også vere med henne når ho øvde i kyrkja, og fekk prøve orgelet der. Med tida



meistra han ikkje berre det gamle trøorgelet på Rotneim skule, der han gjekk sju år, men vart snart så kapabel organist at han seinare også kunne steppe inn i kyrkja om det trongst. Han har vore organistvikar både i Gol og Valdres. Litt småskjelven kanskje, ein gong i Gol då biskop Dagfinn Hauge var på besøk i kyrkja. Det vanka ingen klage frå bispekontoret i ettertid!

## Ville bli prest

Men det var verken kyrkjesongar eller organist Gunnar såg for seg då han var liten. Nei, gutepjokken skulle bli prest, han! I gardstunet heime på Tuppeskogen hadde han bygd seg opp både altarring og preikestol. Før høgtidsstunda kunne ta til, kalla han til gudsteneste med ei stor kubjølle som var hengt opp på trevet i stabburet. Den unge presten kjende seg enno ikkje fullt kompetent til verken liturgi eller preike. Så han nøgde seg med å entre preikestolen og uttale eit høgt og tydeleg «Amen!»

Det skulle likevel ikkje gå slik at han kom til å undervise allmugen i Guds ord. Men *undervise* vart det. Han utdanna seg til lektor, med hovudfag geografi, mellomfag nordisk språk og litteratur og grunnfag historie. Mesteparten av yrkeslivet har han undervist på Leira og Fagernes.

Under studietida i Oslo nytta han også høvet til å ta enkelte

privattimar i song hjå den kjende tenoren og songpedagogen Gunnar Martinsen. Formell musikkutdanning har han ikkje, musikken er berre kjærkomen hobby.

## Set kulturarven høgt

Gjennom meir enn 50 år har Gunnar Slaatto sunge i mange ulike samanhengar; gudstenester, andaktsstunder, gravferder, julevesperar, konsertar o.a.

– Det er særleg meningsfylt å kunne bidra når ein merkar at det betyr noko for pårørande, seier han.

*Men kva likar han eigentleg best å syngje?*

– Klassisk norsk songlitteratur som Vinje og Ivar Aasen likar eg veldig godt. Eg er jo målmann og er veldig interessert i norsk språk og litteratur.

*Og no når det stundar til jul?*

– Blant dei tradisjonelle julesongane held eg ein knapp på «Mitt hjerte alltid vanker». Brorson blir jo også rekna som julehøgtidas diktar i Norden. Elles er det ein annan julesong eg ofte saknar, «Fra fjord og fjære» av Landstad. Det er den fyrste norske julesalmen som vart skrivi. Alle høgtidsgudstenester 1. juledag skulle starte med denne! Salmen blir altfor lite brukt, han er ein veldig viktig del av kulturarven vår, understrekar han.

Og Gunnar elles? Ja, då er han mellom anna ein ivrig stolpejeger. Ikkje mindre enn 165 stolpar i ulike valdreskommunar har han «felt» i løpet av sommaren! Om han syng på turane sine, veit eg ikkje. Kanskje smånyttar han på «Jeg gikk en tur på stien»? Eller kanskje ikkje. Som den ihuga målmannen han er, landar han nok heller på «No ser eg atter slike fjell og dalar».

# Konfirmantane

I GOL OG HEMSEDAL 1974



## Gol kyrkje 1974:

**1.rad f.v.:** Anne Marie Haugstad, Reidun Granli, Ida Kvissel, Kari Beate Lilleaas, Kateket Ola Totland, prest Borgar Sumarlide Holte, Inger Karin Steinseth, Bjørg Inger Kaldbast, Margunn Berget. Marit Skredegård, Marit Stenersen. **2.rad f.v.:** Karin Rustberggard, Anne Marie Haugen, Eli Melbråten, Gunhild Henriette Personbråten, Anne Mette Lien, Monica Merethe Mortensen, Birgit Elisabeth Rustberggård, Heidi Norhaug, Marit Haugstad, Gro Johansen. **3.rad f.v.:** Dagny Møllerplass, Dagfrid Haugen, Ann Inger Sperrud, Tone Sloth Andresen, Erling Finstad, Gunnar Eidsberget, Magne Engebakken, Herbrand Roe, Arnstein Storebråten, Bjørg Åsarmoen, Lisbeth Sortebråten. **4.rad f.v.:** Inger Marit Framgaard, Ola Brennhovd, Knut Ove Lybekk, Nils Gunnar Hoftun, Knut Idar Engene, Knut Svare, Stein Inge Gauteplass, Arve Harald Kinnebergbråten, Bjarne Mehl, Ola Halvard Jorde, Anders Fagermo, Knut Arne Svang. **5.rad f.v.:** Jan Terje Bjåland, Trygve Lehn, Knut Øynebråten, Reidar Viko, Vidar Skredderberget, Helge Bakken, Ola Øydgard, Arne Nibstad, Trygve Bergheim, Gunnar Myren.



## Hemsedal kyrkje 1974:

**1.rad f.v.:** Kari Birgit Flaget, Oddny-Marie Bækken, prest Borgar Holte, kateket Ola Totland og Nina Lirhus. **2.rad f.v.:** Sebjørg Marie Thorset, Elna Furuhaug, Nils Eikre, Ranveig Moberget, Ingunn Engene, Gro Kvalsvik, Aud Oleanne Holsen, Toril Venås, Oddlaug Finset, Kjellaug Jordheim, Karin Furuhaug og Nora Jordheim. **3.rad f.v.:** Ole Magne Embre, Odd Harald Roteigen og Geir Ole Nilstad. **4.rad f.v.:** Kjell Magne Hornet, Steinar Olav Magnetun, Einar Ulsaker, Sverre Kirkebøen og Ole Nils Ålrust.



## Gol kyrkje 2024:

**1.rad f.v.:** Dagfrid Brenna, Gro Haugstad, Bjørg Inger Kaldbast, Margunn Berget Kristiansen, Karin Sletto, Birgit Elisabeth Rustberggård, Dagny Møllerplass. **2.rad f.v.:** Marit Skredegård Engene, Inger Marit Framgaard, Ann Inger Johnsrud, Anne Marie Bråten, Anne Marie Haugen Hjertnes, Bjørg Åsarmoen, Gunhild Henriette Personbråten, Marit Anderdal, Heidi Norhaug, Prest Camilla Osnes. **3.rad f.v.:** Eli Odvei Melbråten Mandex, Bjarne Mehl, Jan Terje Bjåland, Magne Engebakken, Stein Inge Gauteplass, Knut Øynebråten, Ida Louise Kvissel, Helge Bakken. **4.rad f.v.:** Herbrand Roe, Ola Halvard Jorde, Ola Brennhovd, Arnstein Storebraaten, Arne Nibstad, Knut Ove Lybekk, Knut Arne Svang



## Hemsedal kyrkje 2024:

**1.rad f.v.:** Kari Birgit Flaget, Oddny-Marie Bækken Rustberggard, prest Camilla Osnes, Nina Lirhus Rosland. **2.rad f.v.:** Sebjørg Marie Thorset Jordheim, Ranveig Moberget, Ingunn Engene, Toril Venås Sørensen og Kjellaug Jordheim Solbakken. **3.rad f.v.:** Nils Eikre, Ole Magne Embre, Einar Ulsaker, Odd Harald Roteigen, Sverre Kirkebøen, Geir Ole Nilstad og Ole Nils Ålrust.

## Cafekveld

Velkommen til uformelle cafekvelder kvar andre torsdag i månaden. Vi møtes på Kyrkjestugu kl 19.30 til 22.00. Du kan komme og gå som du vil, men vi anbefaler å være der til kl 20.30 då nokon vil dele sine tankar rundt tru og levd liv. Det er varme vafler, kake, frukt, kaffe og te til alle.

Velkommen til cafekveld:

**12. des, 9. jan, 13. febr, 13. mars, 17. april (NB! 3. torsdag i april pga påske) og 8. mai.**

Arr: Hemsedal Normisjon /  
Gunvor og Magnhild



## Språkkafé

Torsdag kl. 17-19  
6. februar, 13. mars, 3. april, 8. mai

På Gol Bibliotek

Vi snakker og lærer norsk sammen over en kopp kaffe eller te.

Dette er et gratis tilbud og åpent for alle!

Velkommen!

Kontaktpersoner:

Karin Bjørge tlf. 902 87 526  
Sissel Rudningen tlf. 419 35 246



Du er velkommen til desse arrangementa:

**Torsdagsmøter på Gol bedehus**  
**21. november, 5. desember, 16. januar, 13. februar, 13. mars, alle kveldar kl 19.00**

Juletefest for små og store  
29. desember kl 16.30

Årsmøte søndag 16. februar kl 18.00

Så vil me samlast uformelt nokon søndagskveldar, foreløpig 26. januar og 30. mars til noko me har kalla bøn og kaffi. Meir info om dette vert annonsert nærare.

## ACTIV Hemsedal

### HØSTEN 2024

Annankvar fredag kl 13.20-15.15  
For 5.-8. klasse / Trøimshallen

#### Kva skjer?

- Varme vaflar
- Sportsleikar
- Ballspel, f.eks kanonball, basket, innebandy og futsal
- Andakt

#### ACTIV-treningar før jul:

**29. november**

**13. desember** (juleavslutningstur)

Ledere: Irene Berland, Oskar Sunde, og Gudmund Juliebø  
Kontaktperson: *Gudmund Juliebø*,  
tlf 97 77 18 39

Ha med gymklede og innesko.  
VELKOMMEN!



## Middag sammen

### Åpent middagsfellesskap med enkel middag!

Velkommen til å spise middag sammen hver andre torsdag i måneden på Gol bedehus! Målet med arrangementet er sosial sammenkomst og fellesskapsbygging, og ikke et kristent møte.

**Vår 25: 13/2, 13/3, 10/4, 8/5 og 12/6.**

Maten står framme fra 16.30 til 17.30.  
Kom og gå som du vil.

**Maten er gratis. Åpent for ALLE!**

Det er mulighet til å gi ei gave til arbeidet.

Bedehuset er åpent fra klokka 16.00.  
Ha gjerne tid til litt lek for barna, prat og hygge!

Spørsmål? Vil du hjelpe til?  
Gol og Herad kyrkjekontor - 32 02 90 00

## Sangstund

Er du glad i å synge er dette plassen for deg. Kyrkjias organist, Hans Jakob, spiller opp til sang en gang i måneden på Kyrkjestugu i Hemsedal. Her synges gamle, kjente sanger og salmer og det blir en liten kaffepuse med tid til litt skravling. Kom med den stemmen du har. ALLE er velkomne. Vi håper dette blir en fin møteplass for både yngre og eldre.

**Datoer framover: 17/12, 21/1, 28/1, 18/2, 25/2, 18/3**

De som ønsker, er med og bidrar i salmesangen på andaktene på Bygdaheimen.

Si ifra til kyrkjekontoret om du trenger skyss. Velkommen!

## Torsdagstreff



Tverrkulturelt treff på  
Helselagsstugu (Frivilligsentralen)

**Følgende torsdagene kl. 18-20:**

**16. januar:**

Folkedans ved Sissel Rudningen

**20. februar**

**20. mars**

**10. april (på bedehuset)**

**15. mai**

**5. juni:** Sommeravslutning på  
Renslotunet

(Program blir lagt ut på nettsida til Gol og Herad sokn når det er klart.)

Servering av mat fra ulike land.  
Eget opplegg for barn

Pris: 20,- voksen / 10,- barn

Adr: Breidokkgutu 10, 3550 Gol

**Velkommen!**

Arr.: Gol Røde Kors, Helselaget  
og Diakonutvalget



## Baby- og småbarnssang

Oppstart torsdag 30. januar kl 11.00, deretter 10 torsdagar (ikkje vinterferien).

På Frelsesarmeen i Gymnasvegen 3 på Gol. Sang, dans, leik for babyar og litt større småbarn. Felles lunsj.

Medlemskontingent for eitt kalenderår kr 100,-

Påmelding og spørsmål til Britt Marie – 951 22 136

Sjå og facebookgruppa «Baby- og småbarnssang Gol»



STØRST AV ALT

## Amadeus

Ungdomskvelder på Gol bedehus for deg fra 8. klasse og oppover.

Fredag eller lørdag en gang i måneden kl. 20.00-22.00.

### Våre ungdomskvelder:

Vi har mulighet for biljard, bordtennis, brettspill. Minikiosk.

Noen ganger legger vi opp til noe felles, for eksempel bobleotball, hobby, film eller klatring. Her er det åpent for forslag!

### Datoar vinter/vår 2025:

17/1, 15/2, 7/3, 5/4 og 23/5

Det kan bli endringer i programmet, det vil varsles på SMS (ta kontakt med Britt Marie, 95122136, om du vil stå på SMS-lista), facebook (arrangement Amadeus) og i Snapchat-gruppa til Amadeus.

## FAMILIESPRELL

Vi har den glede å invitere til FAMILIESPRELL på Gol bedehus en fredag i måneden!

FAMILIESPRELL er åpent for alle, og barn mellom 1 og 6 år er spesielt velkommen sammen med sin familie!

Skolebarn er velkomne til kort samling og hobbykrok.

- Enkel middag (pølser eller pizzaboller) for hele familien kl 16.30-17.15 (Valgfritt - under 2 år gratis/barn 30,-/ over 13 år 50,-)

### Samling 17.15-18.00

- Skattekiste med kort bibelfortelling
- Sang, musikk og leik tilpassa dei minste
- De som har vært på babysang eller Krølletreff vil møte kjente elementer
- Hobbykrok for skolebarn

FREDAGER KL. 16.30-18.00  
17/1, 14/2, 7/3, 4/4, 23/5

Medlemskontingent kr 50,- pr kalenderår.  
(Ikke-medlemmer velkomne)

Spørsmål? Britt Marie - 951 22 136

Arr: Søndagsskolen, Normisjon og Kyrkja i Gol og Herad

## Åpent hus

Formiddagstreff på Gol bedehus siste torsdag i måneden **kl. 11.00.**

### Program for våren 2025

#### 30. januar

Andakt ved Camilla Osnes.  
Musikkinnslag ved Øistein Holtmon og Martha F. Bleiktvedt.

#### 27. februar

Margrete Berg kommer med Frelsesarmeen og HallingRaid

**27. mars, 24. april, 22. mai**

### Velkommen!

Helsing Åpent hus-komité  
Arr.: Diakonitvalget i Gol og Herad



## Between -klubb

**Hei du! Går du i 4., 5.,  
6. eller 7. klasse?**

Så bra! Da er du invitert på klubb-kveld på Gol bedehus!

**Fredagar kl. 19.00-20.30:**  
31/1, 14/4 og 13/6

(Med forbehold om endringar – endringar meldes på SMS/e-post til dei som har samtykke)

Det blir: mat, minikiosk, kort andakt, mulighet til å spille bordtennis, biljard, brettspill... akkurat så morsomt som DU er med å lage det!

Ta med ein venn og kom!  
Spørsmål? Britt Marie - 951 22 136

# LIVETS GANG

## DØYPTE

### GOL KYRKJE

Olivie Eriksen Rukke  
Iben Strandos Lessner  
Ådne Brenna Bjerkgård  
Jon Knaldre – Roset  
Vilmer Løken – Stray  
Ola Mølster Turhus  
Torbjørn Sommer Haugo  
Lukas Åsnes Bakko

### HERAD:

Luna Olivia Ramos Grahn  
Birk August Furuset  
Oda Nymoene Engene  
Athina Mc Lean Nibstad  
Birk August Furuset  
Elias Leander Haug Nyborg

### HEMSEDAL:

Bastian Thorbjørn Thomassen  
Dawid Robert Marcinkiewicz  
Sofi Marie Valciukaite  
Ariel Larrauri  
Amund Haugsjø Nergård  
Lyder Holandsjø Mythe

## DØDE

### GOL KYRKJE

Astrid M. Haugstad f.1927  
Berthe Alfhild Jensen f.1949  
Birgit Kinneberg f.1928  
Kristen Treverket f.1936  
Per Kristian Johansen f.1957  
Ragnhild Kaslegard Viko f.1938  
Kari Hefte f.1948  
Kåre Lokreim f.1947  
Torstein Bakken f.1941

### HERAD KYRKJE

Kjell Martin Sigen f.1952  
Arne Morten Jorde f.1960  
Herman Larsplass f.1937  
Borghild Skrindo f. 1933

### HEMSEDAL KYRKJE

Liv Tenold f.1931  
Eirik Haug f.1930  
Beate Årnes f.1967  
Engebret Langehaugen f.1948  
Hanne Marlene Solheim f.1963  
Martin Strøm f.1992  
Margit Skolt f. 1941  
Arne Sæther f.1938

## VIGDE

### GOL

Tonje Øygard  
og Ole Martin Slettemoen Brenno  
Birgit Jegleim og Erik Lie Strandbråten  
Ingeborg Victoria Aarsvold Almås  
og Mats Holbø Frydenberg  
Marie Bjørke og Rune Lio

### HERAD

Anne Monland - Taylor  
og Christopher Ivan Leonard Taylor

### SKAGAHØGDI

Marianne Magnussen og Eivind Reime

### ØRTERHØVDA

Camilla Stenbæk Johannessen  
og Knut Arne Eidsgård  
Lena Bekkevold Marthinsen  
og Paul Marius Dahn Gaaseby  
Jennie Louise Olausson  
og Simon Alexander Eliassen  
Andrea Haugstad  
og Jørn Andre Sletten Gustu  
Elin Søndrål Ødegaard og Stian Iversen  
Ingvild Eidal Henriksen og Eivind Moen  
Silje Tonheim og Marcus Løvfald Tonheim  
Christine Vorland og Roar Olsen Bru  
Anita Knaldre og Guttorm Bjørøen

### OSET KAPELL

Elin Alræk og Egil Terje Langehaug

### HEMSEDAL

Hege Mykkeltveit  
og Marius Stenersen Massey  
Eva Kvam og Michael Næss Kristiansen  
Tonje Kirkebøen Slettemo  
og Bård Lorens Hage Basberg  
Chilina Christina Sørensen og Tor Svare  
Inger Merethe Henriksen Kruse  
og Johan Fredrik Karlén

### LYKKJA

Maria Mona Hermandrud  
og Per - Andres Mortensen

### HUSO

Hege Anita Garder og Thor Ivar Theslo  
Beate Reinskou  
og Dan Sebastian Lindkjølen

### FAUSKO

Mette Holmriis Brøgger  
og Ole Slåtsveen Vesterås  
Helene Tuv og Simen Gravli Knudsen

## Nytt frå Gol og Herad kyrkje

TEKST: **KJELLFRED DEKKO**

### Kyrkjegardsmuren blir reparert

Delar av muren ved Gol kyrkje fekk hard medfart under uveret «Hans» hausten 2023. Kyrkja har saman med Gol kommune søkt om midlar til å reparere skadene. Med statleg løyving blir muren reparert i løpet av november - desember 2024.

### Endring av vasstilførsel for Gol kyrkjegard

Det har vore varierende kvalitet på tilførselen av vatn til Gol kyrkjegard. Særleg om våren og på forsommaren har vatnet i perioder

vorte borte, og det ha vore veldig plagsomt for dei som plantar og steller. Med dei endringane som no er gjort håpar me at vatnet finn vegen ned på kyrkjegarden når me opnar kranene til våren.

### Arnstein tilbake frå permisjon

Sokneprest Arnstein Bleiktvedt er no tilbake frå permisjon. Me rettar ein stor takk til Ole-Jonny Lomme for den tida han har vikariert. Som prostiprest blir Ole-Jonny framleis å sjå i kyrkjelege handlingar i Hemsedal og Gol.

# GUDSTENESTELISTA

## 24. NOVEMBER

Kristi kongedag

HERAD KYRKJE KL.11.00  
Gudsteneste

## 25. NOVEMBER

HEMSEDAL KYRKJE KL 19.00  
Julekonsert med Leif Ingvald Skaug  
Billetter 300/150

## 1. DESEMBER

1. søndag i adventstiden

GOL KYRKJE KL.11.00  
Gudsteneste Lys vaken

HEMSEDAL KYRKJESTUGU KL.17  
Møtepunkt

## 6. DESEMBER

LYKKJA KAPELL KL.19.00  
Adventskonsert med Hanna S Smørvik

## 8. DESEMBER

2. søndag i adventstiden

HEMSEDAL KYRKJE KL. 11.00  
Gudsteneste

GOL KYRKJE KL.18.00  
Adventskonsert

## 15. DESEMBER

3. søndag i adventstiden

HERAD KYRKJE KL.11.00  
Gudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL 18.00  
Adventskonsert

## 24. DESEMBER

Julaftengudsteneste

LYKKJA KAPELL KL.11.00  
HERAD KYRKJE KL.13.30  
HEMSEDAL KYRKJE KL.13.30  
HEMSEDAL KYRKJE KL.14.45  
GOL KYRKJE KL.15.00  
HEMSEDAL KYRKJE KL.16.00

## 25. DESEMBER

GOL KYRKJE KL.12.00  
1. dags messe

## 26. DESEMBER

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00  
2. juledagsmesse

## 31. DESEMBER

GOL KYRKJE KL.16.00  
Kveldsgudsteneste

## 12. JANUAR

2. søndag i åpenbaringstida

HEMSEDAL KYRKJE kl.11.00  
Avslutningsgudsteneste for  
Camilla Osnes

GOL KYRKJE kl.11.00

## 19. JANUAR

3. søndag i åpenbaringstida

HERAD KYRKJE KL.18.00  
Gudsteneste

## 26. JANUAR

4. søndag i åpenbaringstida

HERAD KYRKJE KL.11.00  
Gudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00  
Gudsteneste

## 2. FEBRUAR

5. søndag i åpenbaringstida

GOL KYRKJE KL.11.00  
Folkemusikkmesse.

HEMSEDAL KYRKJESTUGO  
KL.17.00  
Møtepunkt

## 16. FEBRUAR

Såmannssøndag

HERAD KYRKJE KL.11.00  
Gudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL.19.00  
Musikk gudsteneste

## 23. FEBRUAR

Maria budskapsdag

LYKKJA KAPELLkl.11.00  
Gudsteneste

GOL KYRKJE kl.11.00  
Økumenisk gudsteneste

## 2. MARS

HEMSEDAL KYRKJESTUGU  
KL.17.00  
Møtepunkt  
Sprell levande

## 9. MARS

1. søndag i fastetiden

HEMSEDAL KYRKJE kl.11.00  
Gudsteneste med NMS

GOL KYRKJE kl.11.00  
HEL gudsteneste

## 16. MARS

2. søndag i fastetiden

HERAD KYRKJE kl.11.00  
Gudsteneste med kyrkjelydens årsmøte

## Juleverkstad

Alle born og familiar i Hemsedal er  
velkomne på juleverkstad laurdag  
14.desember kl 11- 13  
på Kyrkjestugu.

Vi skal lage enkle juledekorasjonar  
og bake. Det blir ein hyggeleg  
julesang-samling der vi også får  
mandarin og pepperkaker.

Dette passar for born frå 3-4 år  
og opp til 13-14 år. Dei under  
skulealder må ha med seg ein  
vaksen. Kom gjerne heile familien!

Det vil koste 50 kr pr barn som kan  
betalast kontant eller med vipps.

Arr: Sundagsskulen, Hemsedal kyrkje  
og Hemsedal Normisjon.

## GRAVFERDSBYRÅ I HALLINGDAL

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS  
Bente Andreassen  
Vakt tlf. 480 234 77 - www.golbb.no

HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ  
Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen  
Vakt tlf: 97 41 41 00

JØLSTAD - HALLINGDAL  
GRAVFERDSBYRÅ AS  
Vakt tlf: 32 08 23 00  
www.hallingdalgravferd.no

ANDAKT

# Freds barnet

*Ei bok som gjorde eit sterkt inntrykk på meg i yngre år hadde tittelen «Freds barnet». I denne boka fortel eit misjonæretepar om livet sitt mellom stammefolk i Ny Guinea. Dei første åra var tunge og vanskelege, og oppgåva med å nå inn med evangeliet verka fåfengt. Det rådde gammal fiendskap mellom stammegruppene, og liv gjekk tapt når det spissa seg til.*

*Men så oppdaga misjonæranne noko spesielt. Somme gonger inngjekk nemleg stammene ei slags våpenkvile – på heilt spesielle vilkår. Dei vart samde om å overlata eitt av sine eigne born i dei andre si varetekt. Så lenge barnet var friskt og hadde det bra, heldt dei fred med kvarandre. Barnet var ein garanti for freden. Men dersom barnet vart sjukt og døydde, kunne feiden blomstre opp att. Dette barnet gjekk under det talande namnet Freds barnet.*

*I denne stammeskikken fann misjonæranne eit tilknytningspunkt for evangeliet. Gud sende sonen sin til jorda som det verkelege freds barnet. Freds barnet til stammene kunne naturlegvis bli sjuk og døy, og freden var derfor ganske skjør. Guds eigen son, derimot, har overvunne døden, og hans død og oppstode gir eit sikkert fundament for vår fred med Gud og vår neste.*

*Bodskaper om dette verkelege freds barnet opna vegen til stammefolket sine hjarte. Dei tok imot Guds gåve i Jesus og lot seg døype. Så vart dei svært opptekne av korleis dei kunne bygge bru til sine tidlegare fiendar. Ved juletider innbaud dei nabostammen til ein stor fest. Desse var usikre på om det var ei felle, men valde å ta imot innbydinga. Overraskinga var stor då dei vart møtte med song og gåver. Etter måltidet stod ein av mennene frå vertsstammen fram og leste orda frå profeten Jesaja:*

*«For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven. Han har fått namnet: Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsfyrste. Så skal herreveldet vera stort og freden utan ende.»*

*I ei verd full av krig og hat og uro og fiendskap lyder på nytt denne jula bodskaper om freds fyrsten som vi knyter vår lengt og vår von til. Denne bodskaper misser aldri sin aktualitet. Lat oss be om fred og framtid for alle som lid og lengtar og kjempar for ein slutt på krigens herjingar.*

– BISKOP JAN OTTO MYRSETH